



Haustakademi 3. september på Alnes fyr og opplevelsessenter

Laurdag 3. september inviterer vi alle medlemmar i Møre og Romsdal Venstre til haustakademiet. Det vert arrangert på Alnes fyr og opplevelsessenter, og vi får besøk av stortingsrepresentant Alfred Bjørlo saman med Thomas Tangen, Ole Bruseth og Tarjei Svabø frå Venstres Hovedorganisasjon (VHO).

Vi håper mange set av laurdag 3. september for ein tur til Alnes. Det blir mykje politikk, men også viktige saker som medlemspleie, listestilling og mediearbeid.

Vi håper at alle lokallaga våre er representert. Haustakademiet er meint å vere til inspirasjon for oss i arbeidet fram til valet neste år. Viktig at dei som er sentral i arbeid med program og listestilling i lokallaga kjem.

Dokumentet «Grøne og levande lokalsamfunn» anbefalar vi at du les på forhand. Du kan laste det ned her;

<https://drive.google.com/file/d/1AqRucBFnLKc2VkrVuodRXZhXqVZrO01r/view?usp=sharing>

Dette dokumentet er førsteutkastet til hovuduttalen som skal handsamast på Venstre sitt landsmøte i oktober.

Alfred Bjørlo har leia utvalet som har jobba med dette dokumentet i mange månadar. Les meir om komiteen og sakene her:

<https://www.venstre.no/artikkel/2022/08/15/venstre-vil-ha-krav-om-solceller-pa-alle-bygg-og-fleksibel-skolestart/>

Samlinga på Alnes er gratis, lokallaga dekkjer reisekostnad sjølve.

Påmelding innan 25. august på skjema: <https://forms.gle/4B3jwb137afonLcZA>

*Beste helsing oss i fylkesstyret
Ragnhild, Kari, Annika, Geir Morten, Jon, Steinar og Brynhild*





Program 03.09.22 – haustakademi, Alnes

Alnes fyr og opplevelsessenter, Godøya i Giske kommune

- 10:30** Oppmøte og registrering – i galleriet
- 11:00** Opning og velkommen ved fylkesleder - auditorium
- 11:15** Presentasjonsrunde – bli-kjent-runde
- 11:30** Digital helsing frå Guri
- 11:45** Val 2023 – langspurten startar no v/ stortingsrepresentant Alfred Bjørlo
- 12.30** LUNSJ og for den som vil: inkl. ein rask tur til fyret og fyrvaktarbustaden
- 13.30** «Grøne og levande lokalsamfunn» - Eit gjenkjennleg Venstre i lokalvalet 2023
Innleiing frå utvalet v/Alfred Bjørlo
- 14:00** Dialog i galleriet om «Grøne og levande lokalsamfunn»
- 15:00** Pause
- 15:15** Oppsummering – «Grøne og levande lokalsamfunn»
- 15.30** Programarbeid fylkestingsprogram. Kor er vi i prosessen?
- 16.00** Rekruttering, medlemspleie og listestilling.
Kven er våre veljarar og kor finn vi dei? v/ kommunikasjonsrådgivar Ole Bruseth og organisasjonsrådgivar Tarjei Svabjørg, VHO
- 16:45** Pause
- 17.00** Pressearbeid, markedsføring og sosiale medier
v/ Thomas Tangen, presse- og kommunikasjonssjef i Venstre
- 18:00** Møteslutt og avreise

Oppdatert 17.08.22. Med atterhald om endringar.